

Møtereferat

Dato: 08.08.2018

Emne:	Møtereferat fra RMNF AU-møte 7. august 2018	
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær	
Forfall:	Ingen	Sak: 2016/34506-12
Møtetid:	08:30 – 10:00	Møtestad: Møterom Sunnhordland, 4 etg.

Møteleiar: Kjell Håland**Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet:**

1. Agenda for møtet i RMNF den 22.08.2018.
2. Møteplan for politiske møter 2019.
3. TT-ordninga frå den 01.07.2018, henvendelse fra Egil Hope, kommunalt råd.
4. Ad. avslag på søknad om ekstra statlige midlar til TT-ordninga.
5. God tannhelse – også for personar under tilsyn av heimesjukepleien.
6. Ymse.

1. Agenda for møtet den 22.08.2018:

Kl. 9.05: Orientering frå SKYSS, ny sonestruktur – erfaringer etter dei første ukene.

Kl. 09.35: Orientering frå Eigedomsavdelinga: Fylkeskommunen sin status mht universell utforming av fylkeskommunen sine bygg og anlegg – en løypemelding.

Kl. 10:05 Sakshandsaming.

Kl. 12:00 Lunsj

Kl. 12:30- Sakshandsaming fram til møtet er ferdig.

2. Møteplan for politiske møter 2019:

Fylkesutvalet vedtok 21. juni møteplan for fylkesting, fylkesutval, dei tre faste utvala og administrasjonsutvalet. Møteplan for andre utval og råd skal utvala sjølv fastsetje. Ein har blitt beden om å fastsetje møtedatoar for året 2019. Dette gjeld mellom anna RMNF. I møtet den 07.08.2018 planla RMNF-AU møteplan for dei ordinere møta i 2019 og møta i AU. Det er forberedt politisk sak til neste møte i RMNF den 22.08.2018, politisk møteplan for året 2019.

3.TT-ordninga fra den 01.07.2018:

Det vart bestemt å ikkje gå vidare med denne saka. Leder har også vore i kontakt med Egil Hope om denne saka. Egil Hope hadde henvendt seg til RMNF om denne saka.

4.Ad. avslag på søknad om ekstra midlar til TT-ordninga:

Hordaland fylkeskommune vart ikkje tildelt midlar til utvida TT-ordning for året 2018. Denne saka er teken opp som ein referatsak til møtet i RMNF den 22.08.2018. Svar frå Samferdselsdepartementet er lagt ved saka, samt søknaden frå samferdselsavdelinga av 15.05.2018 til departementet om midlar til utvida TT-ordning.

5.God tannhelse – også for personar under tilsyn av heimesjukepleien:

Denne saka har mellom anna vore handsama i fylkestinget som ein interpellasjon. Saka skal opp i møte i utval for opplæring og helse som ei referatsak. Saka vert og meldt opp som ei referatsaksak til møte i RMNF 22.08.2018. Denne saka vart teke opp etter initiativ frå representanten Alexander Fosse Andersen (Sp) og gjeld at Fylkeskommunen har ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta. Eldre og langtidssjuke under tilsyn av heimesjukepleien har rett på gratis tannbehandling av den offentlege tannhelsetenesta, men berre ein liten del av denne gruppa tek imot den gratis tannhelsebehandlinga dei har krav på.

6.Ymse:

- Neste møte i RMNF-AU: 05.10.2018
- 14.11.2018.

Ein vil ta kontakt med Kulturavdelinga i forkant av møtet i RMNF den 31.10.2018 for om mogeleg å få ei orientering på møtet, samt med tanke på Temadagen for året 2019. Hovudtema for Temadagen 2019 er Kultur og tilgjengelegheit.